

# DET NORSKE TEATRET






*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis*

*Nationaltheatret*



## „BODSKAPET TIL MARIA”

Spel i prolog og 4 akter av Paul Claudel

Til norsk ved Halldis Moren Vesaas

Instruktør: CLAES GILL

Regiass.: ROLF SAND

Barnesongar: FINN LUDT

Dekor og kostyme: ARNE VALENTIN

Inspisient: REIDAR JAMVOLD

En forfriskende pause



DRIKK

*Coca-Cola*

REG. VAREMERKE

ISKALD


Autorisert taperi :


Jarlsberg Mineralvann A/S

## „BODSKAPET TIL MARIA”

På ein opphøgd stad utanfor verdsdramatikkens allfarveg finn vi Paul Claudels skodespel, vanskeleg tilgjengeleg for det notidsmenneske som hastar rastlaust fram, men med ein sjeldan indre rikdom på poetisk kraft, djuptgåande menneskekunnskap og visjonært livssyn.

Claudels verd er enno heil og usprengd, – jord og himmel er realitetar, og mennesket lever i ein kosmisk samanhang, der livet er noko meir enn naken eksistens, og døden mir enn definitiv slutt på denne eksistensen. Livet er med sine sorger og sine gleder rikt og godt, men rikast er hos Claudel det menneske som ofrar det, og set det inn i Guds teneste, slik Violaine gjer det. Claudels menn og kvinner ser sitt liv og sine handlingar i kosmisk overljos og derfor i eit meiningsfylt perspektiv.





BOWARD '86

## SCENEDIKTAREN CLAUDEL

«Det er ikkje julisola som skin på oss, men lyset frå Hans Åsyn,» seier Violaine til Jaques, festarmannen sin i den herlege kjærleiksscena attmed den gamle brunnen på Combernon, storgard, Guds len, festning og bustad. Tidi er millomalderen.

Det er klårt at dei som skal gje scenisk liv åt Claudels skodespel, Bodskapet til Maria, må arbeide ut frå den same fyresetnaden som er Claudels: at Gud er til, at han er den allmektige skapar av Himil og Jord, at vegane hans er dulde for menneski og at for honom er ingen ting umogeleg – for å segja det enkelt.

Men når dette absolutte vilkåret er sannkjent, då er det straks naudsynt å gløyme det, eller rettare: berre momentvis å hugse det, såleis som vanlege truande gjer det, i det daglege kav og slit, når klokkune kallar til bøn, eller ei fristund gjer det mogeleg for mennesket å samle seg til bøn eller kontemplasjon.

For menneski i dette skodespelet bur her på jordi; det er her dei fødest og døyr, slit og slæst, jublar og klagar, bøygjer seg og gjer opprør, elsker, hatar, finn veg eller går vill, gjer Gud til viljes – eller seg sjølve. Det er eit sers jordnært, realistisk skodespel: me er på ein stor gard, som ei byrg ætt eig. Gjenom Claudels ord émar det av jord og dyr, korn og frukt, såtid og hausttid. Det angar av solblome og krusemynte. Trast og born syng ute på tunet. Regn og sol fell yver plogfaret, snø fell i skogen. Kyrkjeklokkune ringjer til Angelus og til dei store Høgtidene.

Den store verdi tonar òg med: i hendingar som hundreårs-krigen millom England og Frankrike, i merkelege vitnemål om ei ung bondejente som heiter Jeanne, frå Lorraine. Paven er ikkje lenger på den staden der han skal vera, nei, det finst fleire pavar (Claudel plasserer dei historiske hendingane som det høver han). Det han vil ha fram, er at «alt er i rørsle og strid, no når det store loddet ikkje lenger held det i jamvikt». For Anne Vercors, husbonden på garden, er det ei vond tid. Kva skal han gjera for



Stuntman



å skapa si maktløyse om til ei makt? Han fer til Golgata, der krossen vart planta. Det inste motivet er vel òg det, at han etter alle dei velgjerningane han har note, skal vinne den same lag-naden i æva som den rike mannen fekk. Men kva for motiv han no hev havt, vedgjeng han til sist at Golgata er der menneski sjølve er. Det var dét dotter hans, Violaine, visste ut frå ein intuisjon som var djupare enn tanken hans. Dei andre på garden tenkjer meir på sitt og sine, for deim er verdshendingane ikkje stort anna og meir enn ei tonefylgje som dei nett og jamt høyrer.

Dette historiske akkompagnementet hev sjølv sagt større meining i t. d. ei fransk framsyning av verket. Difor hev eg korta inn på desse hendingane, skrive um 1. scene i akt III, såleis at det berre vert eit akkompagnement, for oss òg.

Det sceniske arbeidet med Bodskapet til Maria vert då å fylgje diktaren på dei jordiske vegar. Dét er både lett og vanskeleg. Den ytre konflikten er klår. Men det som i kvar stund gjeng fyre seg i sjeli til dei einskilde menneske, det er vanskelegare å øygne og få fram. For Claudel er ein subtil psykolog, det finst djupner der tanken ikkje botnar; det ytre motivet er ikkje alltid identisk med det inste. Om Mara, den harde systeri, segjer han t. d. at ho «er den ubøygjelege trui som Gud elsker, kva for slag motiv denne trui enn er opphlanda med». (Mara est cette foi indomptable que Dieu aime, quels que soient les motifs qui s'y mêlent.)

Etter det eg her hev sagt, måtte ein tru at Bodskapet til Maria einast er eit realistisk skodespel med hendingane lagde til millom-alderen i Frankrike. Å nei. Ikkje heilt! – og det er avgjerande. For midt i skodespelet vert eit dødt barn vekt til live. Det er eit under. Og andsynes det er Claudel kompromisslaus. Han segjer klårt at dette underet hender. Så fær folk godtaka eller forkaste det, såleis som dei er nøydde til å gjera andsynes det store, avgjerande underet: at Gud gjennom son sin, den Herre Jesus Kristus, hev teke bustad i menneskja, teke syndine deira på seg, og sona for deim gjennom si lidning og sin død på krossen.

I denne scena er det ikkje vinterstormen me høyrer. Det er englekor, som millom anna syng: «Ordet er blitt kjøt og har budd iblant oss, og vi har sett Hans Herlegdom, ein herlegdom som den einbornes av Faderen, full av nåde og sanning.»

Men verdi, denne sæle og usæle jordi, er med i denne scena òg. Me høyrer trompetane der Kongen av Frankrike fer gjennom skogjen på veg til Rheims for å verte krypt. Framhald side 19.



## MYSTERIEDIKTAREN CLAUDEL

Det var Jean-Louis Barrault som eigenleg opna scenane i Paris og dermed i Europa for Paul Claudel. Dei poetiske drama frå den store franske diktars hand hadde lege godt som uframførte i 20—30 år, då Barrault med sine blendande iscenesetjingar i og etter siste verdskrigen tryggja Claudel ein definitiv plass til kvar tid på repertoaret i dei litterære teatra. «Le soulier de satin» (Silkeskoen), «Partage de midi» (Når dagen vender) og «Le livre de Christoph Colomb» (der Claudel kjem Berthold Brecht nær- mast i eit fargerikt drama om mannen som oppdaga Amerika) var alle tre norm-gjevande regiarbeid som opna eit heilt nytt kapittel i fransk dramaturgi – *le drame Claudelien*.

«Bodskapet til Maria» (L'Annonce faite à Marie), som Claudel fullførte 43 år gammal i 1912, har vore samanlikna med eit glasmålar-arbeid. Det er eit velvalt bilete – personane i dramaet står just teikna med sterke, blytunge konturar og i klåre, gjennomlyste kontrastfargar, upersonlege og mesta fri for «psykologi» i moderne mening. Eller rettare: Her opnar psykologien seg på realitetar vi har gløymt, ut frå overtydinga om at djupast i menneskesinnet ligg Gud som den ytste røyndom. Personane i «Bodskapet til Maria» er ikkje livlause postulat, dei er ekte som brød og vin. Til vederlag lyder dei lover av overmenneskelege dimensjonar – vi er i den forenkla atmosfæren som høyrer legenden til.

Såleis er Paul Claudels merkelege mysteriespel. Og kven er så den teatermann som ikkje oppgjeven spør seg sjølv: Korleis i all verda lagar ein i røynda ei framsyning som *ber*, ut av dette stoffet? Fallgruvane er unekteleg mange – «Bodskapet til Maria» balanserer på ein nålespiss. Det er mellomalder, men som «historisk drama» med tydeleg tidskoloritt er det dødsens. Det er eit mysteriespel, men sprengjer òg denne stramme genren ved Claudels overdådige, poetiske lavastraum. Det er religiøst drama, men både iscenesetjar og skodespelarar er støtt og stendig nøydde


til å balansere på grensa av eit sundagsskole-tema, som kan bli ulideleg oljetrykk-fromt.

Både dei overmenneskelege krav som oppgåva set og den poesi og mystikk som gneistrar og gløder i Claudels ordrike tekst, har freista somme av dei fremste kreftene i fransk teater. Alt i 1912 spela Lugné-Poe rolla som Vercors, far til Violaine. Ti år seinare fekk «Bodskapet til Maria» ei ny framføring i Gaston Batys regi. Både i 1946 og 1948 vart dramaet ny-innstudert – av m. a. Louis Jouvet, som sjølv spela Vercors. I 1955 sette dikteren sjølv stykket i scene på La Comédie Française – med general-prøve ei knapp veke før han døydde. I 1961 fekk det atter, på Théâtre de l'Ouvre i Paris, ei åndfull framføring med Danièle Delorme, Michel Etcheverry og Loleh Bellon som Violaine, Vercors og Mara.

«Bodskapet til Maria» er eitt av Claudels ungdomsarbeid (første-utkastet skriv seg frå 1898) og har enno sterke innslag frå det litterære straumdrag som pregar dei tidlege verka hans: Symbolismen. Seinare omsetjingar har gjerne avveikt dette noko tidbundne preget og har lagt hovudvekta på det som alltid kjem til å gjera ei vellukka framføring av dette dramaet så fengjande: dramaet er ein offer-ritus, ein høgstemt, høgtidsam song om offeret som ein verkande og skapande energi i livet og lagnaden til menneske. Claudel har vilja syne stordomen og fagerdomen hos det mennesket som gjer si lidning og sitt sagn til eit råmateriale for kjærleiken. Som hos alle store dramatikarar, som hos førebileta hans Sofokles og Shakespeare, går interessa uskoren til det som den frie viljen hos menneska trass i alt maktar å skapa innanfor eit mønster av jarnharde naudsyn. For mennesket er fridomen eit fulltonande ja til «det gode naudsyn».

Det er å gjennomlyse med kjærleiks skjønsemd og bortgjeving det som skal og må skje. Vercors med si døyande dotter i armene er for diktartanken ikkje berre ein far som fører heim sitt bortkomne barn, men òg ein prest som ber fram eit lytelaust offer – liksom eit sakramente. Vendepunktet i dramaet er scenen då Violaine på trulovingsdagen viser Jacques at ho er spedalsk og då hans kjærleik og tillit til henne sviktar. Alt det som før har hendt, peikar fram mot dette brotet, alt som følgjer er eit ekko av det.

Men frå den levande døde i grotta ved Geyn kjem livet attende, då Violaine vekkjer opp att det døde barnet til Jacques



LIVSTRYGDISG – PENSJONSTRYGDISG

# GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

## Syn og Segn

**Det største allmenne tidsskriftet i landet  
Stadig i framgang, opplag i dag: 16 000**

10 hefte i året à 64 sider. Årspengar kr. 30,00, for studentar og skoleelevar kr 22,00 ved tinging direkte til forlaget. 10-årstinging kr 250,00. Tidsskriftet kan tingast for kalenderåret eller skoleåret. Postgiro 87 02, bankgiro 1710.06.00757. Laussal kr 3,50.

### **Det Norske Samlaget**

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1. Tlf. 33 26 70.

### *Moderne damer*

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

Kle dem riktig — det er viktig!

**HELNOR**      Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

og Mara: Det vi kallar liv, er ofte død, og omvendt. Der er berre eitt liv: Kjærleiken. Såkornet må døy for at det skal bli liv og frukt. Med det dramatiske alvor i ei høgmesse peikar Claudels drama rakt inn mot den organiske livslov som er det sentrale mysterium i kristendomen: Den som misser sitt liv – friviljug i kjærleiken – skal åleine finne det.

Kristen diktar og borgar av det truvisse vesterlandske kristensamfunn fullt og heilt er Paul Claudel ikkje minst ved denne overtyding som strøymar gjennom heile hans verk: Det viktigaste i tilværet vårt er det vilkår det einskilde mennesket har til å sjå med si ånd og velja med sin vilje si sanne føreløge. Ei slik grunnstode til livet finn lett eit naturleg uttrykk just i det poetiske dramaet, som er ein song om lagnadstunge gjerningar. Det er karakteristisk at kristne diktarar som T. S. Elliot og Paul Claudel begge har kledd sine tankar om offeret og bortgjevinga i ei poetisk og dramatisk form, som ligg liturgien og den rituelle gjerninga nær.

«Bodskapet til Maria» er typisk såleis. Dramaet har ingen person med namnet Maria. Det er Jesu Mor dikteren siktar til – ho som i den mest lagnadstunge stund for menneskja sa ja til si føreløge og sitt offer: Dei sju lidingars sverd gjennom eit hjarta som banka over Guds Son og gav liv til Livet. Anten vi med den kristne realisten Claudel ser dette som ei røyngleg, og eigenleg altavgjerande hending, eller vi ser det som eit reint litterært tema, rører vi her ved eit grunnmønster i menneskeleg kunnskap om eige lodd, eit mysterium som femner både naturen og det overnaturlige.

Vil vi vita korleis dette kjem til orde i refleksjonane til ein stor diktar, som førearbeid til det dramaet vi ser i kveld, kan vi vende oss til eit brev som Paul Claudel skreiv, stutt tid før han døydde, til ei ung austerrisk kvinne. Her seier han m. a.:

«Kvinna har, for oss katolikkar, ein grenselaus vørndnad. For å ikle seg dette kjøt som han frelste verda ved, trong Herren ei kvinne, og han ville sikre seg at ho sjølv gjekk inn under denne føreloga. Det er i dette eine ja at vi ser den fulle røyngleggjering av det som Moseboki trår etter: Du skal elska din Gud av alt ditt hjarta, av heile di sjel, av all din styrke... og det er i dette

og på ein gard utan born hev dei fenge ervingen sin att.

Livet held fram, med godt og vondt, mynsteret er ikkje det same som det var, krossteiknet vert gjort med det vesle to-gonger-

*Framhald side 19.*

LYTT TIL

## Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

**for DEM som  
foretrekker  
furumøbler ...**

**\*PeiseStua\***

**J. ERIKSEN A/S FILIAL**  
**Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 20 37 00**

**GODE PARKERINGSFORHOLD**



*Nicole Macé*

## OM FRANSK TEATER I VÅRT EIGE HUNDREÅR

Enklast hadde det vore å byggje ei stutt oversyn over fransk teaters historie i dette hundreåret på ei opprading av dei skiftande litterære tendensane frå 1890 fram til i dag. Med kvar og ei av desse stemneleiene steig det nemleg fram minst éin dramatikar, med namn som for all tid blir knytt til det straumdraget han vart boren av. Såleis står *Georges Courteline* og *Jules Renard* som eksponentar for naturalismen, *Maeterlinck* for symbolismen, *Alfred Jarry* og *Roger Vitrac* for surrealismen, *Henri-René Lenormand* og *Simon Cantillon* for den poetiske realismen, *Jean Giraudoux* og *Jean Anouilh* for nyklassisismen, *Jean-Paul Sartre* og *Albert Camus* for eksistensialismen, *Samuel Beckett*, *Eugene Ionesco* og *Arthur Adamov* for absurdismen. Til desse kunne ein føre diktaren *Paul Claudel*. Hans verk utfalda seg utanfor alle litterære tendensar i tida, men han har vorte ståande som den store klassikar til no i dette hundreåret. For i samsvar med velkjend litteraturhistorisk prosess vart alle desse forfattarane, som kvar og ein hadde representert ein avant-garde, etter tur innlemma mellom klassikarane. Liksom tilfellet var og er med dei eldre klassikarane, kjem verka deira stendig opp på teaterrepertoara – og blir, liksom fransk litteratur gjennom tidene, utsette for stendige omvurderingar.

Ein slik analyse – kor rett han kunne vera med omsyn på å få fram representative idéar innanfor dei litterære straumar som gjorde seg gjeldande i fransk dramatikkk frå 1890, kunne likevel ikkje gje noko bilete av utviklinga i teatret. Symptomatisk nok kom då den mest sentrale person i fransk teaterdikting til å falle utanfor vår litterære oversyn. Det gjeld diktaren *Antonin Artaud* (1895—1948), som vigde sitt brennande geni til å definere teatret: korleis det er og kva funksjon det har, som scenekunst og kjennsgjerning i samfunnet. Klårare enn nokon annan tok Artaud avstand frå den franske, pseudo-litterære tradisjonen, som etter

*Framhald side 23.*



## „BODSKAPET TIL MARIA”

Spel i prolog og 4 akter av Paul Claudel

Til norsk ved Halldis Moren Vesaas

Instruktør: CLAES GILL

Regiass.: ROLF SAND

Barnesongar: FINN LUDT

Dekor og kostyme: ARNE VALENTIN

Inspisient: REIDAR JAMVOLD



Dei som er med:

Anne Vercors .....	JOHAN NORLUND
Jaques Hury .....	FINN KVALEM
Pierre de Craon .....	EINAR WENES
Elisabeth .....	ASTRID SOMMER
Violaine .....	LISE FJELDSTAD
Mara .....	ANITA RUMMELHOFF
Ei mor .....	GERD WIIK
Ein son .....	NILS OLE OFTEBRO

Tenestefolk



**Walter Jacobsen a.s**  
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 33 37 02  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.

DET ER DUBONNET-TID



- alltid like anvendelig.
- en fullt ferdig cocktail

**DUBONNET**

Frankrikes verdensberømte druevin —  
**MEN SERVER DEN AVKJØLET**

**DUBONNET**

## SCENEDIKTAREN CLAUDEL

*Framhald frå side 7.*

fødde barnet. Kongen av Frankrike sit på si trone. Paven er i Rom.

Dette er jordi, – det me kjenner som realistisk. For Claudel òg er det realisme, men utenkjeleg om det ikkje fanst ein annan allfemnande realitet, den Koret syng på slutten:

Gloria in excelsis Deo et in terra pax hominibus bonae voluntatis. Laetare – laetare – laetare!

---

## MYSTERIEDIKTAREN CLAUDEL

*Framhald frå side 13.*

ja, uttala høgtideleg i den ytste fridom og kjærleik, at vår frelse ved inkarnasjonen vart mogeleg. Denne einfelte atterhaldslause, naive gåva av seg sjølv til sin Herre har millionar av unge kvinner gjort Maria etter gjennom dei siste to tusen år. Ikkje minst i dette Tyskland, der eg kom over den legenden som gav meg idéen til «Bodskapet til Maria». Kvinner som har visst å svara: «Kva som enn hender meg – her er eg! Du og eg høyrer saman – sjå eg er Herrens tenarinnel!»

«Pierre de Craon,» heldt Claudel fram, «er Guds ambassadør. De veit at før i tida gjorde kongene avtale om giftarmål ved ambassadøren sin. Her har Gud valt ein spedalsk mann til sin sendemann, plent som den spedalske i det 53. kapittel hos Esaias. Det er til denne ureine at Violaine, i ein brå impuls av kjærleik og medkjensle, gjev sitt kyss, som eit sakramente. Og etter di alt er sams mellom ektefeller, og Gud såleis er vorten Violaines «brudgom», let han henne få dele med seg den skam som vanprydar han sjølv i augo åt menneska. Så er då Violaine vraka av alle: Først av kjærasten sin, dinest av mora som fell henne i ryggen, og endeleg av faren som har gjeve henne i hendene åt andre. «Eg åleine, seier Gud, skal vera vederlag for dei alle.»

Men alt er sams mellom ektefellene – ikkje berre audmykingane, men krafta med. Og der er ein som ikkje tvilar ein augneblink på at såleis er det: Mara, syster til Violaine. «Mitt

barn er dødt,» seier ho, «men eg kjenner ei som lik Maria har gjeve Gud alt, og som Gud til vederlag ikkje vil nekte noko. Der er ei som er nøydd til å vera god mot meg – kva som enn hender med henne sjølv. Og så følgjer då den store scenen i 3. akt – dette mirakel som Mara tvingar ut or syster si.»

Både drama-teksten og Claudels eigne margmerknader til han, let oss møte ein type teater som er oss nordiske inderleg framand – våre tradisjonar er andre. Lugne-Poës gamle scene har, forutan Claudel òg – i mellomkrigstida – spela vår eigen Henrik Ibsen, ein dramatikkk som i mangt og mykje er den rake motsetnad til Claudels teater. Hos Claudel er vi langt frå det sosiale og psykologiske borgarlege drama.

I Claudels skapnader møter vi ei «før-psykologisk» teateroppfatning. Claudels skapnader er rett nok levande menneske i kjøt og blod – dei har sin sterke, stridige individualitet. Men dei lever i ei verd og eit røyndomsbilete som høyrer mellomalderen til, ei tid då menneske interesserte diktaren i same mon som dei var berarar av og åskodeleggjorde det høge kall og den overjordiske vørndnad som dei kristne tru-mysteria la på deira veike aksler. For i denne tidbolken er det lovene, idéane, dei ævlege verde som utgjer den eigenlege røyndomen. Meir enn eit levande, individuelt menneske er Vercors eit urbilete – eit atterskin i mennesket av Guds råd og miskunn. For Claudel er dette den *eigenlege* realisme, den djupast liggjande psykologien.

Og det Claudel i røynda seier oss om dei to systrene Violaine og Mara, er at der er berre éin stor samanheng som verkeleg grip oss i mennesket og gjev det dimensjonar – i livet som i kunsten. Det er den personlege gjenoppleving hos mennesket av store lagnadsstunder i menneskeætta: Vårt opprør mot Gud i ei førhistorisk Eva, vår forsoning med Gud i den historiske Maria. Eller med andre ord: Det store nei – det store ja frå mennesket. Bodskapet til Maria var ein bodskap til menneska.

Det er eit djervt påstand å leggje fram for eit blasert teaterpublikum i vår tid. Men det er snautt *berre* veldet i poesien hans og den kunstnarlege kraft i teatret hans som atter og atter fører Claudels drama fram på Europas scenar.



*Velkommen til*



Lille galleri  
Bygdøy allé 35. Tlf. 44 84 30  
Tirsd.—fred. 12—19  
Lørd./sønd. 12—16  
Mandag stengt

**SEPT TV**  
**UTEN Å KJØPE**

DE KAN HELLER LEIE TV  
for mindre enn kr. 2,— pr. dag. For  
kr. 58,— pr. måned i min. 12 mndr.  
får De gratis Oslo-antenne, garantert  
fri service, gratis reparasjoner i hele  
leietiden.

**5 ÅRS GARANTI**

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*

**Vi utfører alt i reparasjoner vedrørende**

Elektrisk og forgasser. Forstillinger og optoflex kontroll.  
Avbalansering av hjul. Lysjustering. Bremses og kontroll.  
Hurtig levering. Helst timeavtale.

**NORSK BREMSESERVISSE A/S**

Rolf Wickstrøms vei 31 (Store Ringvei) - Telefon 21 67 50



Framhald frå side 15.

kvart hadde forvandla Thalias tempel til ein nøyen kopi av dei borgarlege salongane, der ein etter ein utleita middag småpratlar om kunst og politikk, ein stad der ein mett og kultursnobbut overklasse møtest for å få stadfest sin eigen storveges status.

Den teaterform som Artaud reiste seg så fyndig og myndig imot, lever framleis: det er Boulevardteatret. Det er likevel lenge sidan dei veldreia skodespel, spekka med «vit og løgje», som Boulevarden satsar på, slutta å skapa litteraturhistorie. I dei siste sytti år har den litterære fornying vore knytt til den sceniske fornying, i den grad at dramatikkk-historia steg for steg følgjer historia om iscenesetjing. Ein kan til dømes slå fast at dei forfattarane vi refererte til innleiingsvis, for alltid har fått namnet sitt knytt til det teatret og den instruktøren som først gjorde kvar av dei kjend. Av desse vidgjetne par kan nemnast Maeterlinck og *Lugné-Poe* («*Pelléas et Melisande*», 1893), Lenormand og *Firmin Gémier* («*Le Simoun*», 1921), Gantillon og *Gaston Baty* («*Maya*», 1924), Vitrac og Artaud («*Victor ou les Enfants au Pouvoir*», 1929), Jean Anouilh og *Georges Pitoëff* («*Le Sauvage*», 1932), og ikkje å gløyme Giraudoux og *Louis Jouvet*, som frå «*Siegfried*» (1928) til «*Den galne frå Chaillot*» (1945) skapte i lag eit av dei viktigaste kapittel i dramatikken i vårt hundreår. Likeins kan ein spørja seg om Claudel, rettnok med somme av sine verk oppførte av *Lugné-Poe* («*L'Annonce faite à Marie*», 1912) og av *Jacques Copeau* («*L'Echange*», 1913) hadde nådd å bli verdsvidgjeten utan *Louis Barraults* minneverdige framsyningar av «*Le Soulier de Satin*» (1943) og «*Dagen vender*» (1946).

Dei store instruktørane som vart medskaparar i litteraturhistoria i vårt hundreår tenkte no elles lite på litteraturen då dei kvar for seg tok fatt på si reformatoriske verksemd. Det var først og fremst dei problem som knytte seg til scenen dei gav seg i kast med, det var scenen dei skulle rydde for dei konvensjonar som hørde den førre epoken til. Som den yngre instruktøren *Sylvain Dhomme* ordla seg, var deira sams mål «å tilmåte den gamle teaterkunsten til ei ny oppfatning av mennesket og samfunnet».

Reforma, som *Emile Zola* hadde førebudd grundig gjennom ei rekkje essays og artiklar mot den dekadente scenekunsten i

## En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.


RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

## En god SIGAR

Først  
blant de  
beste



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

# WILLEM II

Vi fortsetter med våre populære

SKJØNNHETSKURS

som varer i 3 timer og holdes

daglig kl. 11.30—14.30 og kl. 17.30—20.30. Påmelding tlf. 20 17 57

*Germaine Monteil*

**Karins**

Cosmetic Center, Fr. Nansens pl. 6

åtti-åra, byrja i 1887 då *André Antoine*, funksjonær ved gassverket og amatørskodespelar, opna sitt *Théâtre Libre* med fire einaktarar med sterk og naturalistisk karakter. Fram til 1894 sette han opp ikkje mindre enn femtiseks framsyningar og introduserte mange store franske og utanlandske dramatikarar, m. a. Ibsen med «Vildanden» i 1891. Men Antoine hadde bygt sitt i og for seg sunne opprør mot seinromantisme og Boulevardkonvensjonane på ei villfaren oppfatning av scenekunsten: at han var ei nøyen etterlikning av røyndomen – dess krassare, dess betre.

For å berge poesien frå storfloda av proletarisk sveitte, blod og slim, som Antoine hadde opna slusene for, starta ein ung diktar, *Paul Fort*, eit lite avant-garde-teater der symbolistane snart fann huslivd. Paul Forts *Théâtre D'Art* levde berre to sesongar, frå 1891 til 1893, men det laga kjernen til *Théâtre de l'Ouvre*. Ein tidlegare medarbeidar av Antoine, *Lugné-Poe*, tok leiinga av det. Han heldt fram som føregangsmann i fransk teater fram til 1929 og førte fram m. a. Ibsens «Peer Gynt» i 1896 (omslaget til programmet var signert Edvard Munch!).

*Lugné-Poe* var berre ein habil teaterleiar med eit vake auga for den suksess-mogne, nyare dramatikken. Den eigenlege reaksjonen mot naturalismen, som sveitsaren *Adolphe Appia* og engelskmannen *Gordon Craig* hadde gjort seg til teoretikarar for, byrja i Frankrike med *Jacques Copeau*. For å setja i verk desse teoriane skipa Copeau i 1913 eit teater, *Théâtre du Vieux Colombier*, og i 1921 ein teaterskule. Gjennom *Louis Jouvet* og *Charles Dullin*, som hadde vore nærmaste medarbeidarane hans heilt frå starten, lever Copeaus ånd framleis i fransk teater. Frå 1913 til 1914 og frå 1919 til 1921 blir den vesle scenen i *Vieux Colombier* det laboratoriet der det blir eksperimentert med det moderne teatret, det tempelet der den mondene overklassen og den intellektuelle avant-garden side om side vaknar att til teaterkunstens eldgamle magi.


For å finne tilbake til den magiske dâm ved teatret braut Copeau tvert med scenevanane i si tid. Han oppførte heile repertoaret sitt på ein nærmast berr scene, som han hadde utstyrt med betonggolv og trapper i ulike nivå. Gjennom denne revolusjonære utforminga fekk det franske publikum gjenoppdaga dei store klassikarane, Shakespeare, Molière og Coldini. Dette skapte snart ein mote – og feste seg sidan som ein edel tradisjon gjennom *Baty*, *Dullin*, *Jouvet* og *Jean Vilar*.

Tegn Deres livsforsikring i

# GLITNE

DET er virkelig livskunst

## REDNINGSSKØYTENE



har i 1966 reddet 72 mennesker fra den visse død og vært til hjelp for 5362 mennesker som har vært i farefulle situasjoner på havet.

### **STØTT REDNINGS- ARBEIDET**

**Send ditt**

**bidrag**

**til**

**NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING**

Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 201 632-8/51

### **Spesialforretning i TV - radio**

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO Å/S**

**Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37**

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



Sjølv fekk ikkje Copeau forsvare den ny-klassisismen han hadde gjeve startskotet til. Ny-klassisismen blømde likevel under eit firkløver av teaterleiarar som hadde samla seg i ei foreining, *Le Cartel*. Den talde Louis Jouvet, Charles Dullin, Gaston Baty og Georges Pitoëff. Baty gjorde seg mest kjend som ein minutiøs skildrar av den psykologiske autentisiteten, Pitoëff, som var russisk fødd og hadde vorte merkt av innverknad frå Stanislavskij, rørte heile mellomkrigsgenerasjonen med sin slaviske kjenslevare måte og sitt ukonvensjonelle repertoarval. Attåt Jean Giraudoux' dramatikkk sette Jouvet opp mange Molière-stykke, som enno i dag tener til mønster, m. a. «Tartuffe» og «Kvinneskulen». Men den instruktøren som sette djupaste spor etter seg, var Charles Dullin. Omkring han og elevane hans, i ein atmosfære av profesjonell audmjukskap og kunstnaleg ambisjon, laga det seg eit levande teatermiljø, som Jean-Louis Barrault, Jean Vilar og ikkje minst Antonin Artaud sidan sprang ut frå.

I sine yngre år ved Dullins *Théâtre de l'Atelier* hadde Barrault kasta seg ut i den djerve eksperimenteringa ved å dramatisere og framføre «As I lay dying» av Faulkner og «Sult» av Knut Hamsun. Men gjennombrøtet hans kom i 1943 på *Comédie Française*, med det «uspelande» stykket som Claudel hadde hatt liggjande i tjuе år, «Le Soulier de Satin». Etter krigen slokna eksperimentloggen hos Barrault; i dei siste åra har teatret hans vorte eit slag forlenging av *Comédie Française*, der dei moderne klassikarane får møte det breie publikum.

Ein bør no ikkje vurdere for lågt kva Barraults innsats har hatt å seia for å nå eit vidt, teateruvant publikum: Det er den logiske følgje av oppfatninga av teateret i vår tid som eit kultur gode i teneste for samfunnet. Tanken hadde ikkje streifa mellomkrigsinstruktørane. Med eitt unnatak vende dei seg til ein relativt trang krins, den kultiverte overklassen. Unnataket er *Firmin Gémier*, tidlegare Antoinés medarbeidar. Ved å føre fram klassiske verk som «Kong Oidipus» av Sofokles på ein sirkusarena (1920), freista Gémier å bryte det tradisjonelle kultur-mønsteret. Seinare overtok han den største scenen i hovudstaden, i dag kalla *Palais de Chaillot*, og skipa Folketeatret, betre kjent som T.N.P. I 1952 vart han etterfølgt av Jean Vilar. Han styrte teatret til 1963 og greidde å sameine Dullins strenge disiplin med det siktemål han hadde – å gjera teatret til ein folkefest-stad. Etter kvart fekk Vilar disiplar ute i den teater-

## S. BRUUN <sup>A/S</sup>

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer  
Elektriske apparater m. m.*

## OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,  
ring telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heime-  
buarane telefon 20 07 04.

**ER DE INTERESSERT** i engelske antikviteter?  
HOS MEG finner De koselige og rimelige julepresanger  
*i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.*

## ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 (inng. Prof. Dahlsgt.) - TLF. 44 29 23, kl. 11—15

THAU



**Karvi** - et godt navn i 52 land

fattige periferien, som den Brecht-orienterte Roger Planchon i Lyon og Guy Rétoré i Paris-Aust.

Nokre polske eksperimentgrupper (*Jerzy Grotowskis Teaterlaboratorium m. a.*) er det likt til har bore vidare Artauds bodskap. I heimlandet sitt har denne eksepsjonelle teaterkunstnaren ingen beinveges ervingar. Kanskje kjem det av at visjonen hans om eit anarkistisk teater, som skulle sprengje alle kjende verde og jamvel eksistensgrunnlaget for mennesket, for å omskapa den poetiske openberring til ei ny form for sivilisasjon, braut for drastisk med den djuprøtte franske kulturtradisjonen. Artauds første oppsetjingar av Vitrac og Strindberg (Eit draumspel, 1928) hadde interessert dette kultiverte publikum. Produksjonen hans i 1935 av ein eigen tekst, «Les Cenci», etter Shelley og Stendhal, som skulle tvinge igjennom det «Vondskapens teater» han drøymde om, vart ein total fiasko.

Artaud drog seg attende frå scenen og skreiv sitt åndelege testamente, «Le Théâtre et son Double», i 1938, men døydde ti år seinare etter eit langt opphald på ein psykiatrisk klinikk. Det kan vera grunn til å tru at det absurde teatret ikkje hadde vorte til utan Artaud og hans kvalfulle opprør mot kulturen og retorikken.

---

## **BØNDERNES BANK**

Hovedkontor: EGERTORGET - OSLO

Filialer: Grønland 24, Økern Torgvei 1, Oslo

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger  
i Norge og i utlandet**



### **Kos Dem med et hyggelig håndarbeide**

Pynt opp med vakre broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPECIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

### **B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 - Telefon 37 60 26

**Førsteklasses arbeide garanteres**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

## **Valkyrien Skotøymagasin A.s**

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

## **Gå til „Sofie”**

i Skippergt. 44

*Best og billigst i trikotasje og manufaktur*



## Nationaltheatret

Hovedscenen:

### «TRE SØSTRE»

av Anton Tsjekov  
Regi: Gerhard Knoop  
Dekorasjoner: Guy Krohg  
Kostymer: Lita Prahl

### «METEOR»

av Friedrich Dürrenmatt  
Regi: Ellen Isefiær  
Dekorasjoner: Per Schwab

### «FOLK OG RØVERE I KARDEMOMME BY»

av Thorbjørn Egner  
Regi: Wilfred Breistrand  
Dekorasjoner og kostymer:  
Thorbjørn Egner

A m f i s c e n e n :

### «SANGEN OM UTYSKET»

av Peter Weiss  
Regi: Edith Roger  
Dekorasjoner: Guy Krohg

### «DAGER I TRÆRNE»

av Marguerite Duras  
Regi: Jan Bull  
Dekorasjoner: Chr. Stenersen

## Den Norske Opera

### «ELSKOVSDRIKKEN»

av G. Donizetti  
Regi: Holger Boland  
Dirigent: Zdenko Peharda  
Dekor og kostymer:  
Wolfgang Vollhard

### «SVANESJØEN»

av M. Petipa/L. Ivanov/S. Arova  
P. Tsjaikovskij  
Innstudering: Sonia Arova  
Dirigent: Zdenko Peharda  
Dekor: Kae Tang  
Kostymer:  
Ivar Ferdinand Karlsen

## Oslo Nye Teater

### «KAKTUSBLOMSTEN»

Lystspill av Pierre Barrilet og  
Jean-Pierre Grédy  
Regi: Jon Lennart Mjølne  
I hovedrollene: Wenche Foss  
og Toralv Maurstad

### «DE TRE MUSKETERER»

Dramatisering etter  
Alexander Dumas' roman  
av Roger Planchon  
Regi:  
Jacques Rosner/Roger Planchon

### «HVITE LØGNER»

og  
«KOMEDIE I MØRKE»  
Komedier av Peter Schaffer  
Regi: Barthold Halle

### Barneteatret

i Folketeaterbygningen

### «LILLE LABAN SPØKELSE»

Barnekomedie av  
Inger og Lasse Sandberg  
Regi: Barthold Halle

### Dukketeatret

i Bymuseet, Frogner

### «MIKKO-MATTI OG VENNENE HANS»

Dukkekomedie av  
Willie Nordrå  
Regi: Guri Ludt

# På spelplanen

Hovudscenen:

«EIN SELJARS DØD»

(Death of a Salesman)

av Arthur Miller

Instruktør: Pål Skjønberg

Dekor: Snorre Tindberg

«BODSKAPET TIL MARIA»

av Paul Claudel

Instruktør: Claes Gill

Dekor og kostyme: Arne Walentin

«VILDANDEN»

av Henrik Ibsen

Instruktør: Tormod Skagestad

Dekor og kostyme: Arne Walentin

*Première medio januar*

*for barna:*

«KONGSDØTRENE I BERGET DET BLÅ»

av Peter Nissen

Musikk: Melvin Simonsen

Instruktør: Rolf Sand

Koreografi: Rolf Daleng

Dekor: Snorre Tindberg

ABC-Teatret:

«KASSANDRA»

av Georg Johannesen

Instruktør: Kirsten Sørli

Dekor: Per Lekang

På turné:

«APROPOS DET, JA»

Mini-revy med Sølvi Wang og Leif Juster

Kapellmeister: Egil Monn Iversen

# Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

# GRILLSTOVA

Særs god mat til rimelege prisar. Internasjonalt kjøken og norske spesialitetar. Alkoholfrie vinar. Servering ved borda. Koseleg, intim stove.

Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m opp frå Karl Johan.

*Ope kl. 9—23. Sundag kl. 12—18.45.*

**BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**



# kaffistovene

har sjølvtening og mykje god mat

Rosenkrantzgt. 8 — Karl Johansgt. 13

Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

## Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,

livdyr, ull, huder og skinn

*12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120 000 medlemmer*

